

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 04.06.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Terje Arne Krokvik, Synnøve Teigelid  
**SAKA GJELD:** **Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2019**

**ARKIVSAK:** 2018/517  
**STYRESAK:** 073/18

**STYREMØTE:** 20.06. 2018

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Fordeling av førebels inntektsramme for 2019 blir som følger:

INNETKTSFORDELING 2019	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 008 187	952 059	3 156 608	641 808	331 812	-	7 090 475
SUM, basisramme fordelt etter modell	3 958 205	2 081 707	5 823 209	1 746 363			13 609 485
Kvalitetsbasert finansiering	22 523	13 449	55 831	12 554			104 356
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	292 194	186 811	799 585	166 399	422 768	3 497 002	5 364 760
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	9 838	7 550	31 619	20 346			69 352
SUM, inntekt 2019 fordelt frå RHF	6 290 948	3 241 576	9 866 853	2 587 469	754 580	3 497 002	26 238 429

2. Førebels resultatkrav for 2019 blir sett som følger:

Foreløpig Inntektsfordeling	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2019	150 000	50 000	160 000	36 000	7 000	1 000	150 000	554 000

3. Helseføretaka blir bedne om å nytte rammebudsjettering som teknikk for budsjetteringa for 2019. Budsjettet skal bygge på inntektsføresetnader og resultatkrav som følger av denne saka. Dei økonomiske rammene må bli budsjettert ned til lågaste nivå i organisasjonen og føresetnadene for rammebudsjettering må bli klargjort i alle ledd i føretaket slik at kostnadane blir tilpassa den inntektsramma og resultatkravet

HF-et skal nå. Helseføretaka må klargjere dei økonomiske utfordringane og nødvendige tiltak før styret i føretaket vedtar budsjettet, slik at ein oppnår nødvendig effekt allereie ved inngangen av 2019.

## 1. Innleiing

Helse Vest hadde i 2017 eit samla positivt resultat på kr 577 mill., som er lågare enn resultatet i 2016 som var på kr 724 mill. Resultatet var kr 264 mill. betre enn budsjett i 2017.

Akkumulert resultat for føretaksgruppa er per april kr 155,2 mill. som er kr 55,5 mill. lågare enn budsjettert. Prognosen for 2018 er på kr 401 mill. som er kr 20 mill. lågare enn budsjettert. Det er spesielt Helse Stavanger og Helse Bergen som så langt har dei største utfordringane i forhold til å nå budsjettet. Helse Fonna ligg og noko bak budsjett per april. Helse Førde har per april eit resultat som er betre enn budsjett. Sjukehusapoteka Vest og Helse Vest IKT har mindre avvik. I RHF-et er det eit positivt resultat per april, men så langt er resultatet ikkje tilstrekkeleg for å dekke opp for dei negative avvika i føretaka. Det er viktig at føretaka held trykk på omstillingsprosessane for å sikre at dei styrer verksemda i tråd med resultatkravet. Det er spesielt viktig med tanke på at føretaksgruppa skal kunne gjennomføre planlagde investeringar.

For å bidra til ein god budsjettprosess ser administrerande direktør det som viktig og nødvendig å klarlegge neste års økonomiske rammer og resultatkrav for det enkelte helseføretak på eit tidlegast mogleg tidspunkt.

I og med at statsbudsjettet for 2019 blir lagt fram først i oktober 2018, vil det vere usikkerheit rundt førebels inntektsramme. Dette gjeld mellom anna føresetnader om aktivitet, økonomi og finansielle forhold. Endeleg inntektsramme blir lagt fram i styremøte i desember der forhold frå statsbudsjettet blir innarbeidd. Det er venta at statsbudsjettet for 2019 vil vere strammare enn budsjettet for 2018.

Administrerande direktør legg med dette fram forslag til førebels inntektsfordeling 2019.

## 2. Inntektsmodell

Gjeldande inntektsmodell blei revidert våren 2017. Det blir her vist til sak 070/17 B. Førebels inntektsfordeling 2019 baserar seg på denne modellen med oppdatering av kriterieverdiar.

Oppdatering kriteriesett:

I denne saka er grunnlagsdata oppdatert slik at det er folketal pr. 01.01.18 som er lagt til grunn for berekningane. I endeleg inntektsfordeling til hausten vil ein i tillegg oppdatere dei sosiale kriteria i behovskomponenten, samt nivået på gjestepasientoppgjeret.

## 3. Budsjettprosess - milepelar

Administrerande direktør legg opp til at konsernbudsjettet for 2019 blir behandla i første styremøte i 2019. For å sikre ein god prosess og nødvendige budsjettvedtak i helseføretaka er følgjande tidsfristar og aktivitetar sentrale:

<b>Tidsfrist</b>	<b>Aktivitet</b>	<b>Kommentar</b>
<b>20/6-2018</b>	Førebels inntektsramme og resultatkrav 2019 fastsett av styret i Helse Vest	Helseføretaka må med utgangspunkt i førebels inntektsfordeling sette i gang budsjettprosessen
<b>August/september</b>	Utarbeiding av budsjett i helseføretaka	
<b>Primo oktober - 2018</b>	Statsbudsjett 2019	Gjennomgang og avstemming av føresetnader, aktivitet, prioriteringar, utfordringsbilde og tiltaksplanar
<b>Medio november</b>	Inntektsramme 2019 med resultatkrav blir sendt ut til HF-a	Blir behandla av styret i Helse Vest i møte den 13/12-2018
<b>Nov/Des 2018</b>	Budsjett i HF-a behandla av styret	Styremøte i HF-a
<b>10/1-2019</b>	Budsjett i HF-a ferdig oppdatert i budsjettssystemet SIM. (Budsjettet vil deretter bli konvertert/overført til nytt budsjettverktøy i SAP)	Klar for gjennomgang og kvalitetssikring
<b>Veke 3</b>	Kvalitetssikring av budsjett i HF-a	
<b>Veke 4</b>	Gjennomgang av resultat frå kvalitetssikring budsjett	
<b>Februar 2019</b>	Styresak konsernbudsjett 2019	

Førebels inntektsfordeling skal handterast som ei øvre budsjetttramme, og helseføretaka må difor ikkje leggje inn føresetnad om inntekter frå Helse Vest ut over denne ramma. Eventuelle endringar som kjem som følge av statsbudsjettet skal handterast som ei endringssak etter at sak om endeleg inntektsramme er klar medio november 2018. I Helse Vest sitt opplegg for økonomistyring er det stilt krav om at budsjettet blir fordelt ned på lågaste nivå med budsjettansvar i organisasjonen. Helse Vest føreset at dei økonomiske rammene vert fordelte etter dette opplegget, og gjort kjent i organisasjonen slik at dei resultatansvarlege kan tilpasse kostnadene til tilgjengeleg inntektsramme, og at dette arbeidet er starta før sak om endeleg budsjetttramme 2019.

Dersom helseføretaka ønskjer å prioritere nye oppgåver eller endre behov, må dei finansiere desse innafor den økonomiske ramma som er fordelt gjennom denne saka. Helseføretaka må

ikkje setje i gang nye aktivitetar/tiltak før finansieringa er godkjent av styret. Dersom helseføretaket likevel vil setja i gang tiltak/aktivitetar som ikkje har ei særskild finansiering må dei ta ut andre lågare prioriterte aktivitetar slik at helseføretaket samla held seg innanfor den økonomiske ramma.

Helseføretaka må ikkje leggje inn føresetnader om inntekter eller korreksjon av resultatkrav som ikkje eksplisitt er nemnt i denne saka.

#### 4. Føresetnader

##### 4.1. Prisføresetnad

Det er i denne saka lagt inn ein føresetnad om løns- og prisvekst på 2,5 %. Det blir understreka at dette berre er eit førebels anslag, og at deflatoren (føresetnaden for løns- og prisvekst samla) vil bli oppdatert i samband med framlegging av endeleg inntektsramme for 2019.

##### 4.2. Bestilling

Helse Vest har i brev datert 12.01.2018 gitt føringar for utarbeiding av langtidsbudsjett 2019-2023. Det er her lagt til grunn ein generell vekst i regionen på 0,6 %. Det er førebels usikkert kor stor vekst regjeringa legg opp til for 2019, og kor stor veksten vil bli innanfor spesialisthelsetenesta. Spesialisthelsetenesta må uansett gjere rekning med mindre vekst i åra som kjem då det er venta strammare statsbudsjett og at ein del av forventa vekst vil skje i regi av kommunane. I førebels inntektsfordeling 2019 er det lagt inn same føresetnad om aktivitetsvekst som i langtidsbudsjettet, det betyr 0,6 %.

Basert på SSB si framskriving av befolkningsdata vil ein vekst på 0,6 % fordele seg som følgjer på føretaka:

Helse Stavanger	0,8 %
Helse Fonna	0,4 %
Helse Bergen	0,8 %
Helse Førde	0,1 %

Det er usikkert korleis ei eventuell endring i registreringspraksis vil bli handtert i statsbudsjettet for 2019. I denne saka er det lagt inn ein føresetnad om 0 % kodevekst. Dersom statsbudsjettet for 2019 legg opp til andre føresetnader vil Helse Vest ta høgde for dette. Førebels DRG pris for 2019 blir her fastsett til kr 44 514,-.

Med basis i vekstføresetnaden som er skissert ovanfor legg Helse Vest til grunn følgjande bestilling på DRG poeng i 2019:

Utrekning av overslagsløyving for 2019	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	HDS	Avtaler	Ufordelt	SUM
Bestilling 2018	85 748	40 965	142 168	27 434	14 790	3 331	2 740	317 176
Aktivitetsvekst (SVG 0,8%, FON 0,4%, BGO 0,8% og FRD 0,1%)	686	164	1 137	27	118	20		2 153
<b>Overslagsløyving for 2019 - DRG-produksjon, eige HF, inkl. somatisk poliklinikk</b>	<b>86 434</b>	<b>41 129</b>	<b>143 305</b>	<b>27 461</b>	<b>14 908</b>	<b>3 351</b>	<b>2 740</b>	<b>319 329</b>
Fråtrekk, DRG-poeng for pasientar som høyrer til ein annan region	-1 388	-208	-4 677	-551		0		-6 824
DRG-poeng for eigne pasientar som er behandla i andre regionar eller hos private	5 182	1 855	3 198	1 926		3 645		15 806
<b>Estimat over DRG-poeng for pasientar høyrer til i Helseregion Vest</b>	<b>90 228</b>	<b>42 776</b>	<b>141 826</b>	<b>28 836</b>	<b>14 908</b>	<b>6 996</b>	<b>2 740</b>	<b>328 311</b>

Bestillinga til føretaka kan bli justert som følgje av dei føresetnadene som blir sett i Statsbudsjettet for 2019.

Inntektsramma inkluderer ikkje variable inntekter til poliklinisk verksemd, med unntak av somatisk poliklinisk verksemd. Desse inntektene blir fordelt direkte til helseføretaka basert på registrert aktivitet, jfr. DRG tabell ovanfor.

Frå 2017 blei finansiering av poliklinisk aktivitet innan psykisk helsevern og rusbehandling inkludert i ISF. Overslagsløyvinga for 2018 er på 120 756 DRG poeng med ein einingspris på kr 2 354,-. Helse Vest legg førebels opp til at overslagsløyvinga frå 2018 blir vidareført med ein aktivitetsvekst på 0,6% og ein vekst i einingsprisen på 2,5%. Einingsprisen for 2019 blir førebels sett til kr 2 413,-

Overslagsløyvinga blir sett som følgjer (heile tusen kroner):

Helse Stavanger	kr 85 000
Helse Fonna	kr 37 000
Helse Bergen	kr 106 000
Helse Førde	kr 25 000

Inntekta knytt til overslagsløyving psykisk helsevern og rus er ikkje inkludert i tabellen som viser sum inntektsfordeling frå Helse Vest, og kjem i tillegg på same måte som anna poliklinisk inntekt.

### 4.3. Basisramma

Ved fastsetting av førebels basisramme frå staten er det lagt til grunn følgjande element:

Basisramme 2018	18 327 061
Reduksjon basisramme som følgje av pensjon/legemidler (RNB)	-230 100
Basisramme 2018 etter RNB	18 096 961
Prisendring	394 722
Aktivitetsendring 0,6%	123 835
<b>Sum estimert basisramme 2019</b>	<b>18 615 517</b>

Ved berekning av prisvekst er ikkje midlane knytt til pensjonskostnad inkludert. Dette er same praksis som i statsbudsjettet for 2018.

Det er lagt til grunn at forventa aktivitetsvekst på 0,6 % blir kompensert i basisramma. Det er lagt til grunn at det er ein marginalkostnad på 80% som blir kompensert.

#### 4.4. Førebels inntektsramme frå staten

Med basis i ovannemnde føresetnader, legg administrerande direktør til grunn følgjande førebels inntektsramme frå staten for 2019:

(tal i heile tusen)	Kap. Post	Førebels			
		Statsbudsjett	inntektsfordeling	Endring	Endring i %
		2018/RNB 2018	2019		
Kvalitetsbasert finansiering	732. 71	101 811	104 356	2 545	2,5 %
ISF-inntekt (overslagsbevilgning)	732. 76	7 082 037	7 307 176	225 139	3,2 %
Basisramme	732. 73	18 096 961	18 615 517	518 556	2,9 %
Forskning og medisinske kompetansesenter	732. 78	149 216	152 946	3 730	2,5 %
Omlegging av arbeidsgivaravgift	732. 70	27 763	28 457	694	2,5 %
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar	732. 70	6 600	6 765	165	2,5 %
Klinisk multisenterstudie ME	732. 70	2 000	2 050	50	2,5 %
Forskning ME	732. 70	1 000	1 025	25	2,5 %
Landsdekkende modell for rettspsykiatri	732. 70	1 100	1 128	28	2,5 %
Nasjonalt program for tarmscreening 2019	732. 70	1 500	1 538	37	2,5 %
Medisinske undersøkingar på barnehusa	732. 70	3 900	3 998	97	2,5 %
Vidareutvikle avansert hjemmesjukehus for barn	732. 73	6 100	6 253	152	2,5 %
Medisinske kvalitetsregistre	701. 71	6 645	6 811	166	2,5 %
Tilskot til særlege driftsutgifter tannhelseteneste	770. 21	400	410	10	2,5 %
<b>Sum, estimert inntekt frå staten</b>		<b>25 487 033</b>	<b>26 238 429</b>	<b>751 396</b>	<b>2,9 %</b>

Fleire av postane ovanfor er usikre og vil bli oppdatert ved endeleg inntektsfordeling.

#### 5. Reserve i RHF-et

Reserven i RHF-et for 2018 er etter revidert budsjett på kr 102,2 mill.

Det er eit mål om at reserven skal re-etablerast til tidlegare års nivå som inneber ein reserve på om lag kr 200 mill. Det er venta eit stramt budsjettopplegg for 2019, men ein ser det likevel som nødvendig at reserven blir re-etablert til dette nivå. Det er her føreslått at reserven i 2019 blir auka med kr 97,8 mill.

Reserven for 2019 blir då på kr 200 mill. og blir berekna som følgjer:

Reserve 2018 etter RNB	102 162
Reetablering av reserven i 2019	97 838
<b>Reserve 2019</b>	<b>200 000</b>

Det blir gjort ei endeleg vurdering av storleiken på reserven i samband med endeleg inntektsfordeling.

## 6. Førebels inntektsramme 2019 for helseføretaka

Ved fastsetting av inntektsramma er det lagt til grunn at kjøp av helsetenester i RHF-et i det store og heile blir vidareført på om lag same nivå som i 2018 justert for løns- og prisvekst og reserve.

Inntekter som blir fordelt til helseføretaka blir då som følgjer:

Førebels inntektsramme frå stat	26 238 429
Kjøp av helsetenester i RHF-et	4 251 583
<b>Førebels inntektsramme fordelt til helseføretaka</b>	<b>21 986 846</b>

Med basis i gjeldande inntektsmodell samt dei føresetnadene som er omtalt ovanfor, vil administrerande direktør tilrå følgjande fordeling av den samla inntektsramma for 2019 pr. helseføretak (inntektsfordeling innanfor og utanfor modell):

INNTEKTSFORDELING 2019	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
Innsatsstyrt finansiering (inkl. dyre medisinar)	1 923 745	915 404	3 189 526	611 205	331 812		6 971 692
ISF-pasientar behandla i andre regionar	115 335	41 286	71 177	42 867			270 666
ISF-pasientar behandla for andre regionar	-30 893	-4 631	-104 095	-12 264			-151 882
<b>SUM, ISF</b>	<b>2 008 187</b>	<b>952 059</b>	<b>3 156 608</b>	<b>641 808</b>	<b>331 812</b>	<b>-</b>	<b>7 090 475</b>
<b>SUM, basisramme fordelt etter modell</b>	<b>3 958 205</b>	<b>2 081 707</b>	<b>5 823 209</b>	<b>1 746 363</b>			<b>13 609 485</b>
<b>Kvalitetsbasert finansiering</b>	<b>22 523</b>	<b>13 449</b>	<b>55 831</b>	<b>12 554</b>			<b>104 356</b>
<b>SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)</b>	<b>292 194</b>	<b>186 811</b>	<b>799 585</b>	<b>166 399</b>	<b>422 768</b>	<b>3 497 002</b>	<b>5 364 760</b>
<b>Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):</b>	<b>9 838</b>	<b>7 550</b>	<b>31 619</b>	<b>20 346</b>			<b>69 352</b>
<b>SUM, inntekt 2019 fordelt frå RHF</b>	<b>6 290 948</b>	<b>3 241 576</b>	<b>9 866 853</b>	<b>2 587 469</b>	<b>754 580</b>	<b>3 497 002</b>	<b>26 238 429</b>

Ein samla oversikt over postar som er fordelt utanfor inntektsmodellen følgjer til slutt i dette kapitlet.

### 6.1. Norwegian Pumps & Pipes

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) løyva våren 2016 eit eittårig tilskot på kr 5 mill. til Helse Vest RHF. Løyvinga var øyremerka Norway Pumps & Pipes ([www.pumpsandpipes.no](http://www.pumpsandpipes.no)). Det førte til etablering av Norway Pumps & Pipes som eit felles prosjekt mellom Helse Stavanger HF, Universitetet i Stavanger (UiS), International Research Institute of Stavanger (IRIS) og Greater Stavanger.

Norway Pumps & Pipes skal bidra til utvikling av nye innovative løysingar og støtte opp om helse og omsorg som eit næringspolitisk område, i tråd med HelseOmsorg21-strategien.

Tilskotet frå HOD er nytta til følgjande hovudaktiviteter:

1. Byggje faglege nettverk på tvers av fagområda.
2. Etablere møteplasser for forskarar innan medisin og energi.



3. Støtte, utvikle og formidle tverrfagleg samarbeid mellom medisin og energi (herunder å starte forprosjekt og formidle resultatet frå disse).

Prosjektet melder behov for finansiering for perioden 2018-2020. Administrerande direktør vil komme tilbake til spørsmålet om finansiering av ei vidareføring av prosjektet Norway Pumps and Pipes i endeleg inntektsfordeling til hausten.

## **6.2. Forhold som er løfta fram i revidert nasjonalbudsjett og som kan få innverknad for inntektsfordeling 2019**

I revidert nasjonalbudsjett som blei lagt fram i mai 2018 er det varsla at det og i 2019 blir overføring av legemiddel til dei regionale helseføretaka. Stortinget har slutta seg til forslaga i Prioriteringsmeldinga, av dette er målsettinga om at finansieringsansvaret for eit legemiddel skal følgje behandlingsansvaret, og at fleire legemiddel blir flytta frå blåreseptordninga til dei regionale helseføretaka.

Det blir føreslått å overføre finansieringsansvaret for fleire legemiddelgrupper i 2019 til dei regionale helseføretaka. Ei nærare konkretisering av legemiddel og beløp som skal bli overført vil gå fram av Prop. 1 S (2018-2019). Det blir lagt opp til å overføre finansieringsansvaret for legemiddel til behandling av sjeldne sjukdommar og legemiddel som blir brukt av små pasientgrupper. I tillegg vil det fortsatt vere opprydding i terapiområde som blant anna multippel sklerose. Det blir her vist til Prop. 85 S (2017-2018) Tilleggs løyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2018 for nærare omtale.

## **6.3. Oversikt over inntektspostar som er fordelt utanfor inntektsmodellen**

I tabellen under er det vist ein oversikt over inntektspostar som er fordelt utanfor modellen, eller er øyremerka tilskot frå staten:

*) Spesifikasjon av postar utanfor modell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds- plass	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme Helse Vest RHF					422 768	3 497 002	3 919 771
Internt lab-/røntgenoppgjør	-7 602	-11 797	27 953	-8 553			0
Regional eining for rehabilitering ved alvorleg hovudskade			14 626				14 626
Strukturtilskot		31 139		64 390			95 529
Styrking av rusområdet samt overtaking av LAR	67 438	39 955	82 373	25 619			215 385
LAR Helse Bergen			6 089				6 089
Utskrivingsklare pasientar, uttrekk frå Haraldsplass			12 179				12 179
Nevrokirurgisk verksemd			8 381				8 381
PET-senter	14 041						14 041
PET-skanner - endring refusjonssystem 1/7-14 (heilårseffekt)			7 255				7 255
Pensjonskostnad (konsernbudsjettsaken)	759 285	423 602	1 328 700	308 577			2 820 164
Reduksjon i pensjon 2016	-240 600	-131 400	-412 700	-96 800			-881 500
Reduksjon i pensjon 2017	-12 400	-9 500	-34 800	-6 700			-63 400
Reduksjon i pensjon 2017 - RNB	-27 600	-24 700	-22 400	-19 800			-94 500
Reduksjon i pensjon 2018 - RNB	-44 200	-36 800	-89 700	-28 200			-198 900
Tilskot til utdanning	16 173	8 094	138 973	6 127			169 366
Kompetansenestener:							
Regionale kompetansenestener (NY FORDELING)	14 861		43 197				58 058
Nasjonale kompetansenestener finansiert av rammen			10 635				10 635
Tidlegare kompetansenestener overført til drift			6 433				6 433
Tidlegare øyremerkte midlar frå HOD overført til ramma		888	3 559				4 447
Radio Medico - medisinsk rådgivingsteneste for skip			6 664				6 664
Regionalt tverrfagleg kompetansmiljø for astma og allergi			914				914
Tilstadevakt - beredskap, Solbasen og Florø	8 545			8 545			17 091
Kompetanse og nettverksbygging "Kropp og sjølvkjensle" - spiseforstyring			2 661				2 661
Pasienttransport	9 883	9 837	12 604	13 391			45 716
Regional vurderingseining for rehabilitering			5 020				5 020
Utanlandsbehandingar - overf. frå RHF			31 747				31 747
Nye nasjonale behandlingstenester			6 394				6 394
Helseradionett	151	160	172	232			715
ME-poliklinikk Stavanger og Bergen	1 179		1 179				2 359
Utdanningsstillingar geriatri	2 436						2 436
Legeambulanse		4 717					4 717
Veiledningsordning for barn og unge med spiseforstyrrelse			530				530
Etablering av soningseining for dei under 18 år			1 211				1 211
Narkotikaprogram med domstolskontroll			2 307				2 307
Rusmeistringseining ved fengsla i Stavanger og Bergen	849		849				1 698
System for innføring av nye metoder			1 620				1 620
Helse-Atlas				3 328			3 328
Fritt behandlingsvalg Somatikk	4 587	2 660	6 422	1 717			15 386
Fritt behandlingsvalg Psykiatri/rus	13 538	6 828	17 150	3 969			41 486
Uttrekk verksemdsoverdraging Bjørkeli			-15 529				-15 529
Ny nasjonal teneste			1 790				1 790
Pasient og pårørendeopplæring		1 296					1 296
Barn som pårørende	457	3 545	3 659	457			8 118
Bibliotektenester Helse Stavanger	-5 295						-5 295
Pasientrapporterte data			540				540
Kreftstrategi - Vardesenter og pusterom	1 297		1 179				2 477
Drop outs	2 296						2 296
Overføring pasienter frå Gulen (Bergen/Førde)			11 880	-11 880			0
Uttrekk MVA (basert på mva-kartlegging)	-302 118	-140 006	-480 020	-110 531			-1 032 674
Arbeidsmedisinsk avdeling ("raskere tilbake")			7 560				7 560
Overgangsordning re-hab inntektsmodellen 2018		494	14 727	1 833			17 054
Raskere tilbake	14 993	7 801	23 552	6 240			52 587
Stifinnar-prosjektet			2 050				2 050
Regionalt utdanningsssenter	0	0	0	0			0
Dagkirurgi Norfjordeid sjukehus				4 437			4 437
<b>SUM, basisramme fordelt utanfor modell</b>	<b>292 194</b>	<b>186 811</b>	<b>799 585</b>	<b>166 399</b>	<b>422 768</b>	<b>3 497 002</b>	<b>5 364 760</b>

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
<b>Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):</b>							
Kompensasjon for arbeidsgivaravgift Kap. 732.70		7 550	562	20 346			28 457
Nasjonale kompetansenester Kap. 732.78	3 585		31 057				34 643
Vidareutvikle avansert heimesjukehus for barn	6 253						6 253
<b>Sum øyremerkte midlar frå HOD</b>	<b>9 838</b>	<b>7 550</b>	<b>31 619</b>	<b>20 346</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>69 352</b>
<b>SUM, tildelt inntekt 2019 frå RHF</b>	<b>6 290 948</b>	<b>3 241 576</b>	<b>9 866 853</b>	<b>2 587 469</b>	<b>754 580</b>	<b>3 497 002</b>	<b>26 238 429</b>
<b>Endring av inntektsramma til HF-a som følgje av gjestepasientoppgjjer:</b>							
Kostnad, eksternt gj.pas.oppgjjer	-184 536	-66 058	-113 884	-68 587			-433 065
Fakturering av gjestepasientar andre regionar	49 428	7 410	166 552	19 622			243 012
Kostnad, rus gjestepasientar (estimat)	-13 677	-10 611	-31 834	-4 362			-60 485
Kostnad, kjøp av kurdøgnplassar (estimat)	-15 681	-12 379	-35 371	-8 017			-71 449
Kostnad, kjøp frå Feiring (estimat)	-7 421	-8 246	-8 246	-4 712			-28 624
<b>SUM, inntektsramme i HF-a</b>	<b>6 119 061</b>	<b>3 151 691</b>	<b>9 844 070</b>	<b>2 521 413</b>	<b>754 580</b>	<b>3 497 002</b>	<b>25 887 818</b>

Den samla nominelle inntektsveksten samanlikna mot budsjett i 2018 ligg på 3 %. Tabellen under viser veksten på det enkelte helseføretak inkludert eksternt gjestepasientoppgjjer (grå tabell i oppstillinga ovanfor):

Inntektsvekst 2019 vs 2018	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
Sum inntektsramme 2019	6 119 061	3 151 691	9 844 070	2 521 413	754 580	3 497 002	25 887 818
Sum inntektsramme 2018	5 955 160	3 081 118	9 584 032	2 469 287	733 119	3 322 258	25 144 973
<b>Vekst i %</b>	<b>2,8 %</b>	<b>2,3 %</b>	<b>2,7 %</b>	<b>2,1 %</b>	<b>2,9 %</b>	<b>5,3 %</b>	<b>3,0 %</b>

Veksten i RHF budsjettet heng saman med re-etablering av reserven. Det er og fleire budsjettpostar med tilhøyrande inntektside som førebels ikkje er lagt inn. Veksttala ovanfor er påverka av at midlar for å dekke pensjonskostnad ikkje er prisjustert og at tilskot til regionalt utdanningscenter utgår i 2019.

Dersom ein korrigerer for desse forholda blir veksten som følgjer på helseføretaka:

Inntektsvekst 2019 vs 2018	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass
Sum inntektsramme 2019	6 119 061	3 151 691	9 844 070	2 521 413	754 580
Pensjon ikkje prisjustert	10 862	5 530	19 228	3 927	
Regionalt utdanningscenter	513	513	2 460	513	
Korrigert grunnlag for sammenlikning mot 20	6 130 435	3 157 734	9 865 757	2 525 852	754 580
Inntektsramme 2018	5 955 160	3 081 118	9 584 032	2 469 287	733 119
Inntektsvekst i nominelle kroner justert for nye forhold	175 275	76 616	281 725	56 566	21 461
<b>Vekst i % justert for nye forhold</b>	<b>2,9 %</b>	<b>2,5 %</b>	<b>2,9 %</b>	<b>2,3 %</b>	<b>2,9 %</b>

Veksten skal då dekke inn ein estimert deflator på 2,5% samt aktivitetsvekst som i snitt ligg på 0,6%. Det er derfor viktig at føretaka allereie no i innleiinga på budsjettprosessen tar høgde for at det blir eit stramt budsjettopplegg for 2019.

## **7. Resultatkrav 2019**

Helse- og omsorgsdepartementet har førebels ikkje stilt krav om overskot i føretaksgruppa. Samtidig står fleire av føretaka framfor store investeringar i dei nærmaste åra. For å klare å handtere investeringsprosjekta er føretaka avhengig av å skape eit solid resultat i dei komande åra.

Sett i lys av dette, er utfordringa framleis stor. Dersom resultatkravet i åra framover ikkje blir innfridd vil dette ha konsekvensar for gjennomføringsevna på investeringsprosjekta. Det er derfor heilt nødvendig at helseføretaka har fullt fokus på gjennomføring av nødvendige omstillingstiltak. Dersom det er tiltak som ikkje lar seg gjennomføre eller er tiltak som ikkje gjev tilstrekkeleg effekt, må helseføretaka finne andre tiltak i tillegg.

Sjølv om tiltak som blir gjennomført seint på hausten ofte har liten effekt på resultatet, kan eit slikt tiltak gje ein svært god start på utfordringa det kommande budsjettåret. HF-a må styre verksemda på ein slik måte at nye tiltak blir etablert og gjennomført fortløpande etter behov, og ikkje berre i samband med budsjettarbeidet.

Dei siste åra har Helse Vest satsa stort på utvikling innan IKT, og aktivitetsnivået i Helse Vest IKT og prosjektporteføljen har aldri vore større. Det er særskilt viktig at helseføretaka rettar fokus på endringar i prosesser og arbeidsdeling som kjem av ny teknologi for å kunne hente ut gevinstane i tida framover.

Helse Vest har i eige brev datert 12.01.2018 gitt helseføretaka føresetnader for utarbeiding av langtidsbudsjett 2019-2023. Med bakgrunn i dette har alle helseføretak utarbeida og behandla sine langtidsbudsjett i sine respektive styrer.

Styret i Helse Stavanger ga sin tilslutning til resultatkrava som er beskrivne i denne saka, men ba samstundes om at administrerande direktør i Helse Stavanger om å gå i dialog med Helse Vest om auka interne lån. Dei ønskte også ei ny vurdering av naudsynte resultat i rulleringa av langtidsbudsjettet neste år. Administrerande direktør i Helse Vest vil komme tilbake til spørsmålet om resultatkrav og finansiering budsjettsakene til hausten

Helse Bergen har i rullering av langtidsbudsjettet føreslått eit lågare resultatkrav for 2019 enn det som låg til grunn i førre langtidsbudsjett. Føretaket viser til at avskrivingsprofilen aukar gradvis i langtidsbudsjettperioden og gir aukande likviditet til investeringar. Summen av resultatkrav og avskrivningar må generere tilstrekkeleg kontantstraum til å finansiere investeringane. Resultatkravet som er lagt inn i perioden er basert på administrerande

direktør i Helse Bergen si vurdering av behov for finansiering til investeringar vurdert mot behov for tilgjengeleg ramme til drift. Med bakgrunn i dette ønskjer føretaket at resultatkravet for 2019 blir redusert frå kr 180 mill. til kr 160 mill.

Sjukehusapoteka Vest har med bakgrunn i investeringsprogram og utviklingsprosjekt lagt opp til eit budsjett med eit resultat på om lag kr 7 mill. årleg. Føretaket viser til at det føreslåtte resultatkravet er lågare enn det som låg til grunn i førre langtidsbudsjett men tilstrekkeleg for å gjennomføre investeringsplanane i perioden. Eit resultatkrav på om lag kr 7 mill. årleg tilseier at Sjukehusapoteka Vest kan legge til grunn ein flat og til dels fallande priskurve til sjukehusa, føreset at ein greier å realisere andre budsjettføresetnader. Mellom anna kan til dømes basispris frå produksjon reduserast om Sjukehusapoteka Vest elles når budsjettert inntening. Resultatkravet for 2019 er redusert frå kr 21 mill. til kr 7 mill.

Helse Vest RHF har i budsjettet for 2018 sett eit resultatkrav på kr 150 mill. Dette resultatkravet er føreslått vidareført for 2019.

Med bakgrunn i den behandlinga helseføretaka har hatt av sine langtidsbudsjett for 2019-2023 er forslag til resultatkrav for 2019 følgjande:

Foreløpig Inntektsfordeling	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2019	150 000	50 000	160 000	36 000	7 000	1 000	150 000	554 000

Administrerande direktør tilrår at det for foreløpig inntektsfordeling er desse resultatkrava som blir lagt til grunn. Helse Vest RHF vil leggje fram sak om Langtidsbudsjett 2019-2023 i styremøtet i september. Etter utarbeiding av denne styresaka kan det komme ei justering av resultatkrava for 2019.

Dersom det i statsbudsjett 2019 blir lagt inn element som ikkje er fanga opp i denne saka, vil Helse Vest ta stilling til om det skal gjerast endringar i fastsetting av resultatkravet i samband med tildeling av endeleg inntektsramme 2019.

Manglande resultat og effekt av tiltak i 2018 gjev eit tilsvarande auka krav om effektivisering i 2019.